

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 24.04.03 **Tid:** 17.00 – 22.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Berit Hernes

Ole Totland

I staden møtte:

Inge Aasgaard til kl. 18.30.

Martha Mørkve frå 18.30.

Liv Berit Kvernes Khadoor

Andre som var tilstade på møtet: Kommunekasserar Eikestad, Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge. Leiar av teknisk eining Haga var med på synfaringa på Lønnebakken og orienterte på møtet om status for prosjektet

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. april 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste med følgjande tilleggssak vart godkjent: 10/03: BIR-garanti for lån.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Heidi Fossdal stilte spørsmål om kor tid gjenbruksstasjonen kjem i drift.

Administrasjonssjefen kontaktar BIR snarast råd, for å få avklart tidspunktet.

Idar Reistad stilte spørsmål om status for å få breiband til kommunen. Adm.sjefen orienterte om at det er sett av pengar til dette. Det er henta inn tilbud frå to ulike aktørar, og det er forventa ei avklaring før sommarferien.

Reistad stilte og spørsmål om status for veglys til Haukaneset. Adm.sjef og ordførar orienterte. Det skal leggast fram ei sak for kommunestyret i juni-møtet.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om kva linje skal Samnanger kommune leggje seg på når abonnentar skal kobla seg til kommunale vassverk. Ordførar ga tilbakemelding om at spørsmålet vil verta debattert i eit seinare møte.

Sigmund Dyrhovden bad om at det vart undersøkt om det er høve for å utnytte vassledningene til eit minikraftverk

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Byggmester Mjelde orienterte om status og framdrift av bustadsfeltet på Lønnebakken.

Leiar Teknisk eining: Ø.Haga orienterte om økonomien i Lønnebakkprosjektet. Det er 3 uforutsette utgiftsposter som fører til overskridingar på følgjande postar:

- Bekk som måtte vert lagt i røyr – stipulerte meirkostnader på kr. 350.000,-
- Borehol på vassleidninga fram til feltet, meirkostnad kr. 60.000
- Veglys til om lag 100.000,-.

Ordførar orienterte om vedtak på følgjande saker i PØ-møtet 31.03.03:

- SFO sin nye rammeplan/vedteker vil verte lagt fram for kommunestyret i juni
- Det vert sett i gang ei utgreiing av kostnad og høvet for å leggje nytt basseng på Gjerde skule.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå vidare på skule og barnehagestrukturen, og leggje fram ei tilråding til kommunestyret i septembermøtet.

Ordførar orienterte om at ho saman med leiar og nestleiar i naturutvalet var med på eit møte i Kvam der ordførar der har teke initiativ til at vidare opprusting/utbygging av Rv 7 skal skje med m.a. bompengar. Representantane frå Samnanger kommune ga klart uttrykk for at dette ikkje var debattert i kommunen, og at ein var klart skeptisk til tiltaket.

Ordføraren har invitert Bømlo kommune til Samnanger 14 mai, for å verta orientert om korleis dei legg opp budsjettprosessen. Fusa kommune vert og med på denne orienteringa. Med på møtet vil vera politisk leiargrupper i dei to kommunane, administrasjon og hovudtillitsvalde.

Det vart orientert om at hovudvassverket vert offisielt opna 15.05.03.

Det er kome førespurnad om korleis saksgangen har vore i sak om Eigedomsskatt. Bakgrunnen for dette er at takstnemnda for eigedom har bestemt at ein del bedrifter er av ein slik karakter at dei slepp betala eigedomsskatt for tida. Administrasjonssjefen viste til praksis der nemnda har hatt fullmakter til å fastsette takst, og ut frå det meiner administrasjonen at takstnemnda har høve til å fatta dei vedtak som er gjort. Dersom kommunestyret ønskjer ei anna handsaminga, må det fattast vedtak om dette og gjerast gjeldande for komande nemnder/saker.

Ordføraren orienterte om ordførarkonferanse i Oslo der tema var ”styrke politisk truverde”. Ho var då også med på eit møte med sentrale Krf.politikarar. Ordføraren meldte inn uro for landbruksnæringa i kommunen og publikum sin frustrasjon over dei mange endringar av regelverket i trygdesystemet.

Ordføraran orienterte om Vestlandsrevyen sitt besøk i Samnanger, og hennar mål med å ta imot dei. Fokus var direkte val av ordførar. Det vart orientert om koreis intervjuar var lagt opp frå kommunen si side, der fleire miljø i kommunen vart besøkt, og om den reportasjen som vart sendt.

Administrasjonssjefen orienterte om notat vedk. budsjettkontroll frå april, som vart delt ut i møtet

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/03	03/00115 ÅRSMELDING 2002
0007/03	03/00147 KOMMUNEREKNESKAPEN 2002 - GODKJENNING
0008/03	03/00175 SKATTEREKNESKAPEN FOR 2002 - GODKJENNING
0009/03	03/00193 FRØLAND SKULEHUS - LEIGE EVT. SAL.
0010/03	01/00597 BIR. - GARANTI FOR LÅN

0006/03

ÅRSMELDING 2002

Handsaming i møte:

Jon Mange Bøgevik sette fram følgjande framlegg:” pkt 1. Samnanger kommune si årsmelding for 2002 vert teken til etterretning.

Pkt 2. Kommunestyret meiner at oversyn over kommunestyrevedtak som ikkje er gjennomført bør vere med i årsmeldinga.”

Det vart røysta punktvis. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Pkt 1. Samnanger kommune si årsmelding for 2002 vert teken til etterretning.

Pkt 2. Kommunestyret meiner at oversyn over kommunestyrevedtak som ikkje er gjennomført bør vere med i årsmeldinga.

0007/03

KOMMUNEREKNESKAPEN 2002 - GODKJENNING

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2002, med revisor si melding og tilråding om godkjenning dagsett 09.04.03 – vert godkjend slik den ligg føre.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2002, med revisor si melding og tilråding om godkjenning dagsett 09.04.03 – vert godkjend slik den ligg føre.

0008/03

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2002 - GODKJENNING

Framlegg til vedtak::

Skatterekneskapen for 2002 samt revisor si melding til rekneskapen og revisjonsrapport dagsett 03.02.2003 vert godkjend slik dei ligg føre.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Skatterekneskapen for 2002 samt revisor si melding til rekneskapen og revisjonsrapport dagsett 03.02.2003 vert godkjend slik dei ligg føre.

0009/03

FRØLAND SKULEHUS - LEIGE EVT. SAL.**Framlegg til vedtak::**

Det vert inngått avtale med Åshild Aadland Haga om leige av Frøland skule med opsjon på kjøp gjeldande i 5 år frå driftsstart. Husleiga vert sett til kr 2.000, - pr. mnd. dei første to åra.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtak.

Vedtak:

Det vert inngått avtale med Åshild Aadland Haga om leige av Frøland skule med opsjon på kjøp gjeldande i 5 år frå driftsstart. Husleiga vert sett til kr 2.000, - pr. mnd. dei første to åra.

0010/03

BIR. - GARANTI FOR LÅN**Framlegg til vedtak::**

Under føresetnad av at dei andre medlemskommunane stiller garanti for opptak av eit lån på 300 mill. kroner, tek Samnanger kommune garantiansvar for delar av lånet tilsvarande eigardelen vår i selskapet i samsvar med skriv av 25.03.03

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Under føresetnad av at dei andre medlemskommunane stiller garanti for opptak av eit lån på 300 mill. kroner, tek Samnanger kommune garantiansvar for delar av lånet tilsvarande eigardelen vår i selskapet i samsvar med skriv av 25.03.03